



Kulturdepartementet har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områda kultur, medium, idrett, frivillig verksemd, og trus- og livssynssamfunn. Departementet har om lag 155 tilsette, for tida fordelte på fem avdelingar og ei kommunikasjonseining.

Kommunikasjonseininga har ansvar for at dei politiske sakene og vedtaka i departementet blir kjent for befolkninga. Eininga samarbeider med fagavdelingane og bistår statsråden og politisk leiing i mediesaker. Dette inneber m.a. kontakt med media, pressemeldingar, pressekonferansar, innlegg, taler, regjeringa.no, sosiale media m.m. Kommunikasjonssjefen leier arbeidet i eininga.

## Kommunikasjonssjef

Vår dyktige kommunikasjonssjef har fått ny jobb, og vi søker no hennar etterføljar.

### Oppgåver

Som kommunikasjonssjef vil du få ansvaret for å leie og utvikle kommunikasjonseininga som støttespelar for politisk leiing og embetsverket i departementet, både i det daglege og strategisk langsiktige arbeidet. Kommunikasjonssjefen er ein del av den administrative toppleiinga i departementet, og vil også ha eit medansvar for å styre, drive og utvikle departementet som profesjonelt forvaltningsorgan og støtteapparat for den politiske leiinga.

Kommunikasjonssjefen har for tida personalleiaransvar for fem personar. Kvardagen i eininga er prega av høgt tempo og varierte oppgåver, som til dømes kontakt med media og publikum, samarbeid med og bistand til politisk leiing og fagavdelingane i departementet, planlegging og gjennomføring av pressekonferansar, utarbeiding av innlegg og taler, publisering av nyhende på regjeringa.no, i sosiale media m.m. Du blir del av ei vaktordning som skal sørge for at eininga kan løyse kommunikasjonssjefens oppgåver utanfor ordinær arbeidstid. Noko reiseverksemd må påreknast.

### Kvalifikasjonar

Du har relevant utdanning, med fullført grad på masternivå. Relevant erfaring kan kompensere for kravet til utdanning. Du må òg ha god og dokumentert leiarerfaring, og solid kommunikasjonssjefleg erfaring. Kunnskap om og erfaring frå fagområda til departementet er ein fordel. Du må ha god forvaltningskompetanse og vurderingsevne, og du må forstå politiske prosessar og rolla som kommunikasjonssjef i eit departement. Evne til å tenke overordna og strategisk vert vektlegg.

Du må ha evne til å skape gode samarbeidsrelasjonar, både internt og eksternt. Du kommuniserer godt på begge målformer og på engelsk, både munnleg og skriftleg.

Du har eit godt lag med folk, og du får fram det beste i medarbeidarane dine.

Det er eit krav om at du kan få tryggingssklarering.

### Stillingsplassering og løn

Kommunikasjonssjef kode 1535. Løn etter avtale.

### Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Det er difor eit personalpolitisk mål å få til ei balansert samansetning på tvers av alder og kjønn, og å rekruttere personar med innvandringsbakgrunn, nedsett funksjonsevne, og dei som har stått utanfor arbeid og utdanning i ein lengre periode. Opplysningar om dette kan bli brukte til registerformål. Som IA-verksemd vil vi leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

### Offentleggjering

Dei som søker, må være merksame på at opplysningar om dei kan bli offentleggjorde, sjølv om søkerane ber om ikkje å bli oppførte på den offentlege søkerlista. Departementet vil svare på krav om unntak frå den offentlege søkerlista før ho blir offentleggjord.

### Kontakt

For meir informasjon om stillinga, kontakt vår rekrutteringskonsulent Ann-Kristin Hedman Nyrønning i firmaet BackerSkeie Executive Search & Selection på mobil 920 85 397, eller departementsråd Kristin Berge på mobil 480 53 373.

Jobbnorge-ID: 162058, Søknadsfrist: Avsluttet